

# FORELDREINFO FEBRUAR 2024

## FAU/SU/SMU



Møte i SU/SMU den 7.februar. De finn referatet [her](#).

Neste møte i FAU er 04.03.



## Søknad om tilskotsmiddel til undervisning i praktiske fag



Skulane har saman søkt om tilskotmidlar for innkjøp til utstyr til meir praktisk undervisning i samsvar med nasjonal satsing. I Bjerkreim har me vore godt stilt på dette området, på begge skular. Eigen sløydsal, skulekjøkken, K&H rom, naturfagssal, musikkrom, koderom, skulebibliotek mm har gjort undervisninga i praktiske fag mogleg, slik intensjonen er.

Over tid har me og samla oss opp mykje utstyr til friluftsliv og uteskule. Mykje av dette er no donert inn i utstyrsbanken mot at me får låna alt av utstyr me treng derfrå. Me er heldige i Bjerkreim!

I denne omgang har me søkt om midler til utstyr for å utvida kva tilbod me kan gje elevane i K&H. Utstyr til trykking, sløyd, leire og tekstil varer ikkje evig, og treng utskifting. Flott at det kjem slike ordningar, desse praktiske faga er viktige pusterom for mange elevar!

## Temadag – før i tida

Skulen har ulike temadagar i året, knytt opp mot dei overordna prinsippa i generell del av læreplan. Denne temadagen hadde me fokus retta mot demokrati og medborgarskap.

På temadagen «Før i tida» fekk elevane høyre litt om korleis livet var for ungdommar før i tida, og kjennskap til ulike aspekt ved forhistoria til den kvardagen dei kjenner i dag. Tipper mange føresette kjenner på at 80-talet er omtalt som gamle dagar blant elevane. det var det iallfall fleire tilsette som kjente på.. Gjengen i 5.kl. stakk av med premie for beste klassebilette for dagen på barneskulen.



## 9.trinn – besøk av Veli

I mat og helse lærte elevane å laga tyrkisk mat. Baklava, kjøfte, pastasalat og tsatsiki. Takk til Veli som kom og lærte opp elevane – kjempegodt!

I februar har me elevsamtalar og førebur heim-skulesamtalar og foreldremøter på trinna. Viktige møtepunkt mellom heim og skule der me håpar de tek med dei tilbakemeldingane og spørsmåla de måtte ha.

Foreldreundersøkinga viser at de føresette i stor grad er fornøgd med skulen, både når det gjeld tilbakemeldingar, kor lett de tenker de kan få tak i kontaktlærer eller leiinga om de treng det, og med korleis dykkar barn blir fulgt opp av våre tilsette. I forhold til lekser har og tilbakemeldingane endra seg, så grepa me har gjort ser ut til å ha effekt. Tusen takk for eit godt samarbeid, det gjer det mykje lettare å ta tak saman dei gongene det trengs.

Siste veka i februar er det vinterferie, skulen startar opp att måndag 4.mars. Så er det lemming og plutselig påskeferie igjen 22.mars! Det går fort mot vår! Ha ei fin ferieveke alle saman!

Mvh

Svanhild Gjedrem - rektor

